



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

Innkalling til soknerådsmøte i Norheimsund kyrkje 13.februar kl.19.00

Opning: Magne

Kaffi og noko å bite i: Helene

8/24 Godkjenning av innkalling og referat

9/24 Evaluering og orienteringssaker:

- Evaluering av fellessamlinga for sokneråda (rammer)
- Evaluering av tårnagent
- Evaluering av bønneveke
- Nytt frå fellesrådet
- Invitasjon til å gå for Himalpartnar
- Samarbeidsmøte med bedehusa i Kvam
- Samtalegudsteneste – ny dato 11.april
- Søndagsskolesamlingar våren 2024

10/24 Me ser framover i perioden: Kva vil me få til desse fire åra 2023 - 2027?

Her står det litt om kva som er soknerådet sine oppgåver: «*Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides.*» (Frå § 12 i kirkeordningen) Du kan lese meir her:

<https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/menighetsrad/>

På fellessamlinga for sokneråda i Kvam i januar fekk me spørsmål frå staben om kva me ynskjer/ treng frå dei. Staben hadde også nokre utfordringar til oss. I tillegg har sikkert mange av dykk nokre tankar og ynskjer for kva me vil få til saman i denne perioden. Me inviterer til ein dialog om dette!

11/24 Godkjenne årsmelding for 2023. Årsmelding følgjer i eige dokument.

12/24 Godkjenne rekneskap for 2023 og budsjett for 2024. Rekneskap og budsjett følgjer i eige dokument.

13/24 Utlysing av prestestilling.

14/24 Eventuelt